

Forklaring på kommunale gebyr 2023

Gol kommune skriv ut fakturaer for kommunale eigedomsgebyr til tinglyst eigar dersom ikkje anna er avtalt. Det er alltid eigar som er ansvarleg for at rekninga vert betalt. Ved tinglysing av eigarskifte vert registra våre oppdaterte av Statens kartverk.

Kjøpar og seljar må ved sal ordne opp i rekninga seg i mellom.

Er bygningen seksjonert vert gebyra fakturert per seksjon.

Rekninga er delt på to terminar

1. termin gjeld for perioden 1.1. - 30.6 med forfall 16. april
2. termin gjeld for perioden 1.7. – 31.12 med forfall 16. september

Desse gebyra blir berre fakturert på 1. termin:

- Forbruk og avrekning av kloakk og vatn for 2022

Feiing og branntilsyn skal utførast etter behov. Gebyra for desse tenestene blir derfor fakturert etter feiing/utført tilsyn.

Ved spørsmål kontakt HBR IKS på tlf. 966 25 425, eller på e-post til:

feieavdeling@hallingdal-brannvesen.no

Døme under viser korleis ein faktura er bygd opp for abonnentar som har kommunalt vatn og kloakk:

Merknad	Avgiftstype	Mengde	Kr.	Tidsrom	Terminbeløp
	Eiendomsskatt bustad	645 000,00 prom	2	010123-300623	645,00
1	Vann fast del	1,00	1307	010123-300623	653,50*
2	Avlest forbruk vann	28,00 m ³	14,9	010122-311222	417,20*
1	Kloakk fast del	1,00	2394	010123-300623	1197,00*
2	Avlest forb. kloakk	28,00 m ³	18,9	010122-311222	529,20*
	Renovasjon	1,00 stativ	3992	010123-300623	1996,00*
3	Forskudd vann	28,00 m ³	22,0	010123-300623	308,00*
3	Forskudd kloakk	28,00 m ³	39,0	010123-300623	546,00*
4	Fradrag vann	31,00 m ³	14,9	010122-311222	- 461,90*
4	Fradrag kloakk	31,00 m ³	18,9	010122-311222	- 585,90*

25 % mva. av kr. 4599,10 (merket*) 1149,78

Ved for sein innbetaling kjem det forseinkingsrente. Ved purring blir det lagt til gebyr.

Eigedomsskatt

Blir fakturert etter utsendte takstar. Avgift kan påklagast.

Ved spørsmål om eigedomsskatt, ta kontakt med Knut Ohnstad på tlf. 32 02 90 68 eller på e-post til knut.ohnstad@gol.kommune.no

Vatn og kloakk

Merk 1 Vatn og kloakk fast del

Alle abonnentar som er tilkoplede offentleg vass- og kloakknnett betaler eit fastledd.

Merk 2 Avlese vatn/kloakk

Dette er ei avrekning av vatnet du har nytta i 2022. Dei same tala vert nytta på kloakk, vatn inn = kloakk ut. Innsend vassmålaravlesing er lagt til grunn for forbruk. Dersom du ikkje har sendt inn vassmålararkort, har kommunen stipulert eit pårekna forbruk basert på forbruk tidlegare år. Innbetalt forskot i 2022 kjem til fråtrekk. Sjå merk. 4

Merk 3 Forskot vatn og kloakk

Kommunen fakturerer eit forskot som à konto på vatn og kloakk for å fordele gebyra på to terminar. På den måten slepp forbrukaren å få ei stor avrekning ein gong i året.

Merk 4 Frådrag innbetalt vatn og kloakk

Her får du ført tilbake det forskotet du har betalt inn som à konto i 2022. I døme over var lest av forbruk i 2022 på 28 m³. Innbetalt forskot var 31 m³, som var høgare enn forbruk. Dette førte då til ei lågare rekning denne terminen. Det motsette skjer dersom forbruket er høgare enn innbetalt forskot.

Renovasjon

Alle renovasjonsgebyr vert fordelt på 1. og 2. termin.

Under følgjer eit døme på korleis fakturaer kan sjå ut for abonnentar med to ulike typar private avlaupsanlegg:

Tett tank 4 m³ – årleg tømning

Avgiftstype	Mengde	Kr.	Andel	Tidsrom	Terminbeløp
Eiendomsskatt bustad	1622 000,00 prom	2	1/1	010123-300623	1622,00
Renovasjon	1,00 cont	3759	1/1	010123-300623	1879,50*
Fast avg. slam	1,00 stk	100	1/1	010123-300623	50,00*
Oppmøte septiktømming	1,00 stk	450	1/1	010123-300623	225,00*
Pris pr. m ³ septik/12mnd	4,00 m ³	320	1/1	010123-300623	640,00*
Rensegebyr 12 mnd.	4,00 m ³	500	1/1	010123-300623	1000,00*

25 % mva. av kr. 3794,50 (merket*) 948,63

Ved for sein innbetaling kjem det til forseinkingsrente. Ved purring blir det lagt til gebyr.

Alle som har private avløpsanlegg betaler eit årleg fast gebyr, i tillegg betalast det for oppmøte uavhengig av størrelse på slamtank og ein sum pr. m³ slam. For tette tankar og tankar som blir tømt med spesialbil kjem det i tillegg reinsegebyr.

Andel på gebyra seier i dei fleste tilfella noko om du deler gebyr med nokon.

For abonnentar med tett tank eller som har anlegg som av andre grunner ikkje kan ta imot rejevtvatn (vatn etter at tørrstoff er teken ut), kjem det eit gebyr for reinsing ved avlaupsanlegg. Gebyret blir rekna i forhold til teknisk størrelse på tanken som vert tømt. Alle tette tankar vert tømt kvart år. For minireinseanlegg kan det vere anna tømmeffrekvens.

Hytte med slamavskillar 4 m³ – tømmast kvart 4. år – tømmast med liten slambil

Avgiftstype	Mengde	Kr.	Andel	Tidsrom	Terminbeløp
Eiendomsskatt bustad	895 000,00 prom	2	1/1	010123-300623	895,00
Fast avg. slam	1,00 stk	100,00	1/1	010123-300623	50,00*
Oppmøte septiktømming	1,00	450,00	1/4	010123-300623	225,00*
Pris pr. m ³ septik/48mnd	4,00 m ³	80,00	1/1	010123-300623	160,00*
Rensegebyr 48 mnd.	4,00 m ³	125,00	1/1	010123-300623	250,00*
Renovasjon hytte/støl	1,00 stk	2168,00	1/1	010123-300623	1084,00*
Spes.tømming /48 mnd	1,00 stk	162,50	1/1	010123-300623	81,25*

25 % mva. av kr. 1850,25 (merket*) 462,56

Ved for sein innbetaling kjem det til eit forseinkingsrente. Ved purring blir det lagt til gebyr.

Alle som ikkje har anlegg som kan tømmas med vanleg septikbil må betale for spesialtømming. Som regel vert desse anlegga tømt av ein mindre septikbil eller traktor.

Fleire døme finnast under slamtømminggebyr

Klage på gebyr

Størrelsen på gebyra kjem fram i gebyrregulativet som kvart år vert fastsett av kommunestyret. Gebyrregulativet reknast som forskrift jf. Forvaltningslova. Dette er difor ikkje enkeltvedtak og kan difor ikkje påklagast.

Om du ynskjer å klage på krav om kommunale eigedomsavgifter, må dette gjerast skriftleg.